

Sigrun Okkenhaug
som diktar.

Torvald Hagerstrand,
i 1907

Sigrun Okkenhaug som diktar.¹⁾

Av dr. phil. *Torstein Høverstad*.

Sigrun Okkenhaug har ingen aaremaalsdag just no. Har heller ikkje teke patent paa nokon ny uppsedingsmetode; er ikkje eingong lærar, i den vanlege meininga av dette ordet. Ho er ei trøndsk bondekona, berre 37 aar gamall, og mor til elleve born; ti av dei liver. Den eldste er alt komen ut i verda og skal odla i tonar ættearven av kunstnargivnad.

Men heime sat *Mor* i aar etter aar og tottest brenna inne med kunstnargivnaden sin: evna til aa forma liv og livskunst i ord. Mors offer er dette. Kven kann mæla dyptene i slike livsbrunnar. — Ti born som skal ha tilsyn, mat og klæde — og den allermeste tida vera utan gjenta, aaleine med alt — det kann vera nok jamvel for ei norsk bondekona. Og mang ei har vorte gamall fyre tida av sovore slit for born og heim.

Sigrun Okkenhaug har halde seg ung; midt i barnestaaket og strævet var ho ung, og vart ho verande ung. Men i seine nattetimar naar den siste hadde sovna og den næste gløynde aa vakna, uroa det derinne: kunstnarkallet som brann. Og *Mor* maatte til aa skriva. Nattearbeid, millom slitsame dagar som einast ei god mor kjenner dei.

Og av slike smaastunder voks bøker fram; fem bøker no sidan 1919. Daa etterkrigstida sette inn, aktielaga ramla, konkursane voks til tusundtal, og milliontapa mergstal høgt og laagt, og ingen bank kjendest trygg. — daa byrja Sigrun Okkenhaug *si* bankverksemd med fritt utlaan til alle: Fyrst og framst til ungdommen som ho trur paa; dinæst til alle norske heimar der det bur foreldre og vakse folk som ynskjer framgang og lukka for borna; og endeleg til alle oss vaksne som har mykje aa takka for. Baade me som har lese bøkene hennar og vil lesa dei uppatt; og dei andre som enno har det tilgode.

Og ikkje er dei *smaae kapitalane som ho set ut*. Les desse fem leg livsvilje i dei; lyser ei varm tru paa det gode i alle menneskje; og smaabøkene i samanheng, og du vil sanna det. Det syng ein ukuve-

¹⁾ «Veste Gunnar og dei andre» — «Born» — «Lauvfall» — «Helga» — «Ut i verda», Olaf Norlis forlag, 1919—1926 (den fyrste paa Gunleiksons forlag, Risør).

blenkjer eit skarpt auga til aa sjaa det gode; vermer ei mjuk mors-hand, og bankar eit varmt morshjarta; kling som ein samla tone livsens sterkaste lovsong: *marstonen*. Og um denne livskunsta vaker eit rotvakse norsk miljø i trøndsk *form*; sig inn i byen med, og vernar som bondeungdomslag um det beste i landsungdomen. All hennar dikting er ein uppsong til livet, i truskap mot og under ansvar for heim og ætt; mot sjølv livet. Og utan ein einaste tone som skurrar. For attum det alt i desse bøkene staa Mor sjølv, heilstøypt og traust midt i barneflokken sin. Det var noko ho maatte ha sagt til den ætta som veks til og skal odla landet. Um truskapen mot arven fraa bondeheimen. At av denne truskapen gror framtida for land og by. Og derigjenom naar ho ned til det djupaste: det ævelege nye evangeliet um livsens æra og ansvar. Ho har med den sjuke «Ingrid» set «Ut i verda», inn i liv og daude og kome «so nær innaat Guds hjarta» og høyrte hjarteslaga hans. «Og Guds hjarteslag er liksom hjarteslaga aat heile verda. Daa ser ein klaraare paa mange ting enn dei gjer som liver midt oppi annemda og lyt kave for tilveret og aldri har tid til aa lye etter Guds hjartelsag. Og det vilde eg gjerne segje deg, Helga, at det er nok bra aa koma seg fram og bli noko som du segjer du vil det; men det er ikkje alt. Slik har eg kome til aa sjaa det at godleiken maa vera med. Dersom du kunde legge øyra ditt inntil Guds hjarta slik at du høyrde og skyna skapartanken, so trur eg du vilde sjaa, at det aa vera god er det største. Ein tarv ikkje vera nokon dott um ein er god, ja ein er det ikkje heller. Aldri naar ein er verkeleg god. Naar du har levd so lenge eller so mykje at du eig skynsemd med alt livande, daa vil du bli god. Daa vil ikkje synd og lidning vera framand for deg, trur eg, og sorg vil ikkje vera ein fiend som du hatar. Daa vil du ta det alt innaat hjarta ditt og takke fordi du fekk lov til aa liva, fordi du veit at alt er til vokster for den som ser og har tid til aa lye etter Guds røyst i alle ting. Kjære Helga, eg kan so lite skrive, no skjelv eg alt paa handa. Eg vilde berre be deg om at du maa lære deg til aa sjaa livet som det *verkeleg* er. Sjaa ikkje etter gull og glimmer, høyr ikkje etter dei store ord og laatten — sjaa bakom og innunder og høyr vel etter om tonane du høyrer kjem fra hjarta. Og hugs ein ting framfor alt: den som er god er fin! Anten tian so er klædd i silke eller bomull. — Kjære deg, eg skynar du kan bli leid av preikone mine. Du faar tenkje deg at eg skulde vorte ein stor pedagog, og so faar eg ikkje avlaup paa annan maate enn ved aa plaaga deg. Det fettar meg aa faa skrive ned det eg tenkjer paa, naar eg er so lik, og ein gong vil du skyne meg vonar eg».

Det er *diktaren Sigrun Okkenhaug* som bed for si livsgjerning i det-

te siste brevet fraa den dødssjuka gjenta som sjukdomen stengde ute fraa livsfesten.

I *evne til utforming* naar Sigrun Okkenhaug høgt. Ta kva bok du vil, ho faar sagt det ho vil; lett og folkeleg; barnsleg so borna drikk det inn som omor sol. Frisk so far og mor eller lærar faar seg eit andeleg sollaug dei med. — Ta fyrste boka «*Vesle Gunnar og dei andre*». Fire friske forteljingar um Gunnar. Ein gløymer ikkje lett Ketil, son hans Knut Aarset, drikkaren. Vesleguten som skal døyva med karsverk skamma over faren som drikk. Eit lite psykologisk meisterverk. Eller dei tvo moriause «*Tvillingane*», «*Mor*», og «*Vesla Kaare*». I livande live og under torva fylgjer mor med barnet sitt og varnar det. «*Skirenn*» med trufast venskap og «*Vargen*» med friskt humor. Me vert glade i desse borna alle ihop, baade Gunnar, Hans og Marthe, Vesle Faste og Kaare, Ivar og Magne, Olav og Arne, og bed dei so gjerne: Kom att; de er alltid velkomne til aa vera ilag med vaare born. — Og borna vaare segjer det same; det er endaa viktugare. — I næste boka «*Lauvfall*» finn me «*Tull-Per*», «*Fatighjelp*», «*Fred*» og «*Mor*». «*Tull-Per*» er ei liti saar soga som tvillaust provar at Sigrun Okkenhaug kunde makta større byggverk, dersom arbeidsvilkaara var lettare. «*Fatighjelp*» er ei perla som all norsk ungdom burde ha lese. (I det heile høver det ho skriv framifraa i lesebøker). Soga um ho gamle Marit som ikkje kunde ta imot noko fraa fatigkassa; ætteæra gav henne ikkje lov. I «*Fred*» og «*Mor*» er det atter morstonen som kling sterkast, ringjer inn freden for gamle Andris som dregst med dauden; og som reiser uppatt heimelukka hjaa Karen og Petter. Desse tvo siste stykke tyder paa, at Sigrun Okkenhaug raar over rik dramatisk evna. Det er stor dramatisk spaning over døds scenen til Anders, nattscenen til Karen og smaaborna, og serleg møtet millom fru Bruun og Karen, naar ho hentar att vesle Kaja. Kjem Sigrun Okkenhaug ut og faar læra sceneteknikk, vil ho sikkert koma til aa makta dramaet, og dermed kunna faa mange fleire i tale. Næste boka «*Born*» (1921) inneheld fem friske livsskildringar: «*Tullingene*», «*Under gauketre*», «*Hans*», «*Kalle*» og «*Daa flauten tok garden hans Amund*». «*Under gauketre*» er ei liti hugtakande barnsleg forteljing um Olav som kjem under gauketre og bed mor si frisk att. Baade her og i siste forteljinga syner Sigrun Okkenhaug at ho har rike fyresetningar for aa skildra menneskja og natura som ei livande sterk eining, og soleis til aa vera med i arbeidet paa aa reinsa atter natursansen i moderne kultursyn. Og soga um «*Kalle*», son til Svenske Berthe som drikk, er eit lite meisterstykke av ei social sjælestudie. Paa næste boka si «*Helga*» (1925) sette ho med full rett «*forteljing for smaagjenta*». Men boka

har like mykje bod til dei vaksne. Ei frisk, sann innføring i livet som det kollektive samlivet det er, og med mange perlor av høg forteljekunst. Det er eit spursmaal um ikkje «Helga» hittil er hennar beste bok. — den siste boka, «*Ut i verda*» (1926) er eit framhald av Helga og sjølv inntleiddningsbolk til ei neste bok, som turde faa mykje aa gjeva dei unge dersom dikteren faar lettare vilkaar til aa samla seg um utforminga. Bolkar som «Ingrid», «Konfirmasjonsalderen» og «*Tvo aar etter*» gjev rik lovnad.

I *neste boka* vil me faa sjaa Helga som fyregangsmann i smånæringer; heimen skal ho berga med dette. Ho har smakt byen, men valt heimbygda. Fatig er ho paa jordisk medel; men rik paa sjælegull i arven fraa ein bra heim. — Vil ho gro uløysande inn i heimejord og heimesed gjennom arbeid og vaknande natursans? Slik at arbeidet med dyr og natur vert den store høgtida der ætteaand og allnatur talar det usegjande? Livsstriden til den norske ungdomen idag maa desse far- og morlause borna utkjempa i denne boka; finna bergingsvegen gjennom vake ansvar, truge arbeid og livande natursans. Vil dei greida det? *Maa* dei ikkje greida det!

Sigrun Okkenhaug har mange fyresetningar til aa makta denne boka. Ogso den at ho i mange aar sjølv har vore ei lukkeleg smaabrukar-kona.



Me vil ikkje la vera aa nemna, at Sigrun Okkenhaug fraa fyrste stund har nytta bondemaalet i sine bøker. For 20 aar sidan sat ho paa skulebenken og hørde paa korleis ein uskynsam lærar hædde bondeborna for trøndermaalet deira. Sigrun la «*millomskulenorsken*» sin paa hylla og gav seg til aa leita fram trøndermaalet. — God arv hadde ho i heimen, baade paa fars- og mors-sida — ho er dotter til lektor Arne Vestrum. Det vart ikkje normalmaal alltid, og ikkje alltid fast i formene. Men fraa fyrste boka var det livande norsk tale; og det fastna stendig meir. I hennar bøker talar baade folk og fe, baade stein og tre, aaker og mark same maalet; norsk maal. Soleis som det maatte vera naar Mor paa den norske bondegarden sat millom sengjene til borna sine og skreiv um norsk liv.

Men det er greiddt, at Mor treng faa raad til aa leiga ei gjenta skal ho faa løyst ut kunstnararven i seg, soleis at ho og landet er tent med det. Det ho har vunne til aa gjeva hittil, er klaare lovnader um kva ho kunde makta. Og me har halde det for vaar viktugste oppgava aa peika

paa den vaarløvnaden som Sigrun Okkenhaugs dikting er; ikkje aa hefta oss med det ufullkomne som alltid fylgjer innestengd vaar.

Og ho treng aa koma ut til aa faa sjaa og læra, serleg sceneteknikk. Elles maa ho halda fram med som fyrr aa læsa sin hug til dramaet vel attum sju laas.

Bondegarden kann ikkje gjeva Mor leigehjelp so ho faar ofra seg meir for skrivinga. Og naar blad eller tidskrifter bed ho skriva paa hennar gamle «millomskulenorsk» og byd honorar, svarar ho nei. Mor kann ikkje vera usann mot sitt norske miljø; bondegarden krev bonde-maalet.

Men den norske riksmakta? Skulde det no ikkje snart vera paa tide aa la Sigrun Okkenhaug faa eit stipend?

Ut fraa kunstnarlege omsyn fortener ho det fullt vel. Og utfraa oppsedarsynsstad endaa meir. Til aa skriva aat born staa ho alt millom dei fremste. Og tenkjer ein paa kva det maa ha kosta aa halda kunstnargivnaden livande i desse aara, medan heimen kravde alt, daa er Sigrun Okkenhaug noko av ei sersyn. Ho burde sanneleg ikkje venta lenger paa eit stipend.

Men kanskje skulde hennar veg til diktarrøm just vera soleis. Det er Mor paa den norske bondegarden og med barneflokket ikring seg som eig det varmaste hjarta, den mjukaste handa, den sikraste kjensla av ættestav og ættestansvar; og som best kjenner vegen til Allfaren naar livet røyner paa. Ho maatte faa noko aa bera fram til norske born; av det som me alle har kjærte og soleis at borna med glede tek imot.

Sigrun Okkenhaug kann gjera mange rike. Det staa til andre aa syta for at ho faar rom til det. Det er ikkje vidsynt psykologisk nasjonaløkonomi aa strida for hardt med aa reisa stein og stopul over slokna kraft; eller graata taaror over skaparkraft som banna inne. Mykje meir gjeld det aa frigjera og vaka over ung vaarkraft som enno eig skaparevna.